

## STATSBUDSJETTET 2010

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/prop/2009-2010/prop-1-s-20092010/8.html?id=581097>

I pdf:

<http://www.regjeringen.no/pages/2250345/PDFS/PRP200920100001GULDDDPDFS.pdf>

## Diverse aktuelt for NHM

### Mål: Universitetsmusea (s.120)

*Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Stavanger, Universitetet i Tromsø og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet har eit særskilt ansvar for å byggje opp, drive og halde ved like museum med vitenskaplege samlingar og utstillingar for publikum.*

### Tilstandsvurdering (s.121)

Våren 2008 la regjeringa fram St.meld. nr. 15 (2007–2008) Tingenes tale, som drøfta utfordringane til universitetsmusea på områda forskning, forvaltning av samlingane, formidling, digitalisering, styring, organisering og leing. Meldinga tilrår tiltak på alle desse områda.

Riksrevisjonen peiker i sin gjennomgang frå 2008 på at samlingane framleis ikkje er godt nok sikra og bevarte, og at rapporteringa om arbeidet med bevaring og sikring kan bli betre. Samstundes viser undersøkinga at departementet og universiteta si styring av universitetsmusea har blitt betre. For å bidra til betre sikring og bevaring vart det både i statsbudsjettet for 2008 og for 2009 løyvd 16 mill. kroner til sikring og bevaring av universitetsmusea.”

**(OBS! Det er ikke nevnt tilsvarende bevilgning for 2010 under ”Strategier og tiltak”)**

## Strategiar og tiltak

### Universitetsmusea (s.123)

For betre å kunne følgje med på status for bevaring og sikring av samlingane, vil det bli arbeidd vidare med utvikling og forbetring av indikatorar.

For å styrkje forskinga ved universitetsmusea foreslår regjeringa å føre vidare den strategiske FoU-satsinga retta mot universitetsmusea.

Det er utfordringar knytt til infrastruktur ved fleire av universitetsmusea. Det er difor sett i gang fleire prosjekt og utgreiingar, blant anna ved Kulturhistorisk museum og Naturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo, Bergen Museum ved Universitetet i Bergen, Arkeologisk museum ved Universitetet i Stavanger, Tromsø Museum ved Universitetet i Tromsø og

Vitskapsmuseet ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

## **Budsjettforslag for 2010 post 50–70**

Universitetsmusea (s. 140)

For å styrkje forskinga ved universitetsmusea løyvde regjeringa 5 mill. kroner i 2009 til ei strategisk FoU-satsing for universitetsmusea. Satsinga blir ført vidare på same nivå i 2010. Sjå òg omtale under kap. 281 post 01 og post 50.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009 vart Universitetet i Stavanger kompensert for innlemminga av Arkeologisk Museum. Regjeringa foreslår å føre denne løyvinga vidare på 8,1 mill. kroner i 2010. I tillegg foreslår regjeringa å løyve 4 mill kroner grunna for lågt anslag på avsetningar til pensjonspremie knytt til innlemminga.

Departementet vil komme attende til Stortinget og presentere val av konsept for Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo når den eksterne kvalitetssikringa er stilt ferdig.

### **Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høgskolar**

#### ***Forskning og formidling s.150***

”Departementet har sett av om lag 7,4 mill. kroner til forskings- og formidlingstiltak over kap. 281 post 01 i 2009. Det er i 2009 blant anna sett av 1,8 mill. kroner til utgreiing av Nasjonalt digitalt universitetsmuseum. Vidare er det tildelt 1 mill. kroner til integrasjonsprosessen mellom Arkeologisk museum i Stavanger og Universitetet i Stavanger. Departementet tildelte 1,5 mill. kroner i 2009 til *Komité for integreringstiltak – kvinner i forskning* (Kif-komiteen). Det er òg sett av 2 mill. kroner til Likestillingsprisen og 1 mill. kroner til Utdanningskvalitetsprisen.”

”Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til eit forskingsprogram om forskning og innovasjon i regi av Forskingsrådet i **2010** med 2 mill. kroner, og til ei strategisk FoU-satsing retta mot universitetsmusea med 5 mill. kroner, sjå òg omtale under kap. 281 post 50.”

”Departementet foreslår ei samla løyving til forskning og formidling over kap. 281 post 01 på om lag 11,5 mill. kroner i **2010**.”

### **3 Nøkkeltal for universitet og høgskolar - byggetabeller:**

*Veksthuset er plassert i kategorien:* Tabell 3.15 Bygg som er under prosjektering (s.257)  
Brutto areal m<sup>2</sup> nybygg 2 830

*Magasinbygg er plassert i kategorien:* Tabell 3.16 Prosjekt under utgreiing/programmering  
Her er arealet ikke fastsatt

## **I vedlegg 4:**

*s.271:*

*Vurdering av behovet for nye indikatorer*

**Konklusjon**

Regjeringa vil ikkje foreslå at det blir innført egne insentiv knytte til formidlingsmålet. Departementet vil vurdere å be institusjonane lage interne modellar for å stimulere til åde allmennretta og brukarretta formidling.

## **Museumsmålet**

*Konklusjon*

Departementet vurderer at det ikkje er behov for ein eigen del for musea i finansieringssystemet. Departementet held fram med arbeidet med å utvikle gode styringsindikatorar for universitetsmusea i samarbeid med sektoren, og følgjer opp måloppnåinga gjennom den årlege styringsdialogen.